2013/670

**Vigleik Vabø**

**Fra:** Vigleik Vabø <vigleikvabo@hotmail.com>
**Sendt:** 28. september 2013 11:23
**Til:** Vigleik Vabø; vibeke Weglo-design.no
**Emne:** svar på merknader til planen

INFORMASJON

Velge å svara på nokre av dei tema som går igjen i merknadene, og som kanskje er nytt i høve forrige runde.

Fleire peikar på at det har vore lite innformasjon og dialog.

Dette stille eg meg uforståande til, ingen tiltak på Fanebust har vel vorte meir belyst en dette. Noko som også viser i engasjementet til nokre av naboane. Først (2006) vart planane mine belyst gjennom tvisst og seinare jordskiftedom om vegen ved sjøen. Sidan har vi vore gjennom ein langvarig og grundig overordna planprosess, der fleire av naboane var aktive privat og gjennom lag og organisasjonar.
Det har vore annonser i lokalpresse, to høyringsrundar, synfaring med plan-og miljøutval der alle var invitert og mange møtte for spørsmål og svar. Når det gjeldt dialog med den enkelte, har verken eg eller plankonsulent lukka døra for nokon. Men grunnlaget for dialog er ikkje det beste, viss ein er motstander av allt i planen.
Det har vorte gjort endrina undervegs, for og stetta signal frå naboar, og vi meina planen som no ligg føre er svært god. Og vil ivareta bygdas interesser på beste måte, og vil vera heilt avgjerande for utvikling av egedomen. Så får vi berre akseptera at det kan vera ulike meiningar om dette.


LINDÅS KOMMUNE
Klassering L12
09. 10. 2013
Ark. saksnr 2013/670
Løpenr
Saksh. WICHRE
Tilgangskode

93094525

2013/ 670

**Vigleik Vabø**

**Fra:** Vigleik Vabø
**Sendt:** 2. oktober 2013 12:53
**Til:** 'Vibeke'
**Emne:** VS: svar på merknader 2

---

**Fra:** Vigleik Vabø [mailto:vigleikvabo@hotmail.com]
**Sendt:** 28. september 2013 13:55
**Til:** Vigleik Vabø
**Emne:** svar på merknader

**Trafikk-tilhøve**

Kan vera tildels einig i at fylkesvegen kunne vore betre. Men ved den utviding som ligg i planen vil tilhøva verta mykje betre enn pr idag, trass ein viss auke i trafikken. Personlig kjøre eg denne vegen daglig, og dersom møtande trafikk er det i denne svingen og bakketoppen ca 60 m lenger sør, einaste stadene eg risikera og måtte rygga. Difor undra det meg mykje at ikkje fleire ser at dette vert positivt for alle.

Det er ytra ønske om gang- og sykkelsti heile vegen til Krossleite. Dette kan eg vera med jobba for ved neste revidering av komuneplan. Men alle ser vel at muligheitene for dette er særs liten dersom det ikkje skjer ei naturlig utvikling i bygda. No er det snart berre pensjonistar som bur her nede ved sjøen.

Fakta om planlagt utbygging: Det vert maksimalt 5 bustadhus (like mange som bygd forrige 10 år i bygda). Det er ingen garanti at alle tomter vert utbygt i denne planperioden.

Planen opnar for maksimalt 3 gongar fleire båtplassa fram til 2022. Men det vert ikkje lagt ut fleire båtplassa en marknaden etterspør. Og så må eg til sist få understreka at både her og til den svært beskjedne turistdelen i planen, er det stort sett trafikk når skulen har sommarferie. Og normalt for ein helgetur, el ferietur nokre veker med båten. Det seier seg sjøl, at dette ikkje genererer rare trafikken.

Eg reiser ei del rundt i kommunen, og har målt bredda på vegbana til Vabø, Feste og Veland m.f., og kan ikkje sjå at desse meir trafikkerte vegane har særleg høgare standard.

Når det gjeld den private vegen langs fjorden er bruken her definert i nylig avsagt jordskiftedom. Kan ikkje sjå at reguleringsplanen strir mot denne. Men kan godt tenka meg eit møte i vegstyret her etter at planen er endelig vedtatt, for å diskutera mindre endringar mm?

Sjå på dette – så snakkes vi!
Mvh Vigleik

2013/670 Viglink Vabø

**Landbruk**

Fleire meina at planen vil verka negativt for landbruket i bygda. Dette kan eg ikkje sjå, og her kjem argument for mitt syn.

Først får eg beklage at heiltidsbruket nr 17 ved ei misstyding vart kalla for eit småbruk: Dette var vel heller meint om bruket mitt, som er det minste i bygda.

Og driva melke-kyr etter hovudvegen kan kanskje følast stressande ved stor trafikk. Men i høve meg og bruk nr 12, har Rødland i fleire 10 år hatt avtale om og driva desse langs den gamle postvegen. Dette har dei også nytta seg av ved beiting i nord. (sjå vedlagt kart)

Difor meina eg dette også må la seg ordne ved beiting i sør. Særlig fordi det er Rødland som driftar bnr. 10. I og med at dette er dei 2 beita som vert nytta til melke-kyra, kan eg ikkje sjå problemet. Ungdyr og sau vert flytta mellom beita langt sjeldnare, og kan flyttast til tider med mindre trafikk.

Mi erfaring er at alle som nyttar denne vegen er tolmodige og viser omsyn til dyr og folk.

Elles så er det vel ikkje slik at traktortrafikk vert hindra av biltrafikk.

Må og få nemne at Rødland som grunneigar opna for betydeleg trafikkauke ved og leige ut areal til friluftsområdet på Nautevågen. Positivt i mine auge, og merkelig nok ikkje til hinder for gardsdrifta, sjølv om trafikken går gjennom same området.

Det vert hevda eg bygge ned jodbruksland. Viser til gardskartet og plankart som viser at det går med maksimalt 300 m2, av den skrinnaste og dårligaste beitemarka. Altså 0,3 daa, for å ivareta ei berekraftig utvikling av eigedommen min.

Eg er opptatt av landbruket og ønske ikkje fleire nedlagte bruk i området. Og meina det må vera plass til begge bruka her. Og eg går gjerne i dialog med Rødland om t.d. brukstett på ny veg mot bustad 1.

**Avslutning**

Innser at det er betydelig motstand mot planen frå nokre av dei næraste naboane, men dersom ein tar alle underskrifter frå fastbuande, ser ein at det er nokså jamt for og imot. Og dei som teier samtykker, heiter det i ordtaket.

Det er trist og registrera at fleire som har busett seg tett ved fjorden, med hus/hytte og båtplass ikkje unner andre same muligheit.

Planen legg opp til utvida bruk av fjord og natur for allmugen, i tillegg til at nokre familiar som ikkje ønske bu sentralt, får denne muligheita.

2013/670




0 20 40 60m

Målestokk 1 : 3000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 17.09.2013

GÅRDSKART 1263-106/17

Tilknyttede grunneiendommer:
106/17 - 106/127 - 106/9

skog+ landskap

Markslag (AR5) 13 klasser

| TEGNFORKLARING | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|
| Fulldyrka jord | 60,8 | |
| Overflatedyrka jord | 19,2 | |
| Innmarksbeite | 66,3 | 146,3 |
| Skog av særs høg bonitet | 103,7 | |
| Skog av høg bonitet | 112,0 | |
| Skog av middels bonitet | 2,7 | |
| Skog av lav bonitet | 0,0 | |
| Uproduktiv skog | 31,9 | 250,3 |
| Myr | 58,2 | |
| Åpen jorddekt fastmark | 8,3 | |
| Åpen grunnlendt fastmark | 52,9 | 119,4 |
| Bebygd, samf, vann, bre | 7,0 | |
| Ikke klassifisert | 0,0 | 7,0 |
| Sum: | 523,0 | 523,0 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom.

I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklassene for eiendommen.

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

**Ajourføringsbehov meldes til kommunen.**

Arealressursgrenser på flyfoto

Eiendomsgrenser